




FYLKESMANNEN  
I SOGN OG FJORDANE

# Forvaltningsplan for Utvær naturreservat

Solund kommune, Sogn og Fjordane




Rapport nr. 6-2012



## FYLKESMANNEN I SOGN OG FJORDANE

Fylkesmannen er Regjeringa og staten sin fremste representant i fylket, og har ansvar for at Stortinget og Regjeringa sine vedtak, mål og retningslinjer vert følgde opp. Fylkesmannen skal fremje fylket sine interesser, ta initiativ både lokalt og overfor sentrale styringsorgan.

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane har ansvar for oppgåver knytt til helse- og sosialområdet, kommunal forvaltning, samfunnstryggleik, miljøvern, barn og familie, landbruk, utdanning og barnehage. Vi er om lag 120 tilsette, og er organisert slik:



### HER FINN DU OSS:

Statens hus, Njøsavegen 2, Leikanger  
Telefon 57 64 30 00 – Telefaks 57 65 33 02  
Postadresse: Njøsavegen 2, 6863 Leikanger

Landbruksavdelinga:  
Hafstadgården, Fjellvegen 11, Førde  
Telefon: 57 64 30 00 – Telefaks 57 82 17 77  
Postadresse: Postboks 14, 6801 Førde

E-post: [fmsfpost@fylkesmannen.no](mailto:fmsfpost@fylkesmannen.no) Internett: <http://www.fmsf.no>  
<http://sognogfjordane.miljostatus.no>

Bilete på framsida: Utvær, foto: Tore Larsen

<b>Fylkesmannen i Sogn og Fjordane</b>	Fylkesmannen i Sogn og Fjordane Rapport nr. 6-2012
<b>Forfattar</b> Astrid Haavik	<b>Dato</b> 12.04.2012
<b>Prosjektansvarleg</b> Nils Erling Yndesdal	<b>Sidetal</b> 26 + vedlegg
<b>Tittel</b> Forvaltningsplan for Utvær naturreservat, Solund kommune	<i>ISBN -978-82-92777-31-2</i> <i>ISSN -0803-1886</i> <i>Rapporten ligg på nettstaden Miljøstatus</i>
<b>Geografisk område</b> Sogn og Fjordane	<b>Fagområde</b> Naturvern
<b>Samandrag</b> Øyar, holmar og sjøareal rundt øya Utvær i Solund kommune blei verna som sjøfuglreservat 28.05.1993, med namnet Utvær naturreservat. Føremålet med vernet er å gje sjøfuglane gode og tryggelivsvilkår og ta vare på ein viktig hekkelokalitet for sjøfugl med naturleg tilhøyrande vegetasjon og dyreliv. Naturreservatet er eit viktig hekkeområde for fleire av sjøfuglane i Sogn og Fjordane, særleg toppskarv, teist og stormåsar. Vinterstid gjev gruntvassområda med dei store tareskogane næringsgrunnlag for overvintrande skarv, lomar, ærfugl og andre marine dykkender. Øyane med vegetasjon har dessutan naturbeitemark med eit spesielt artsutval, og behov for beiting for å haldast i hevd.	
Føremålet med forvaltingsplanen er å:	
<ul style="list-style-type: none"> <li>• Vere eit hjelpemiddel til å realisere føremålet med naturreservatet. Planen byggjer på verneforskrifta og den kunnskapen som finst om reservatet og om sjøfuglane sin bruk av området</li> <li>• Klargjere kva spelerom grunneigarar og andre brukarar har i det freda området</li> <li>• Gje grunneigarane og allmenta innsyn i kva siktemål og strategi forvaltingsstyresmakta har for naturreservatet</li> <li>• Definere bevaringsmål for naturreservatet</li> </ul>	
Bevaringsmål:	
<ul style="list-style-type: none"> <li>• Verdien av Utvær som funksjonelt og viktig leveområde for sjøfugl gjennom heile året skal oppretthaldast</li> <li>• Oppretthalde hekkebestandar av andre artar som ikkje naturleg reknast som sjøfugl, særleg når det gjeld raudlista fugleartar i verneområdet</li> <li>• Menneskeleg påverknad i reservatet skal ikkje ha negativ effekt på fugl i verneområdet</li> <li>• Bevare beitemarkene i området med tradisjonell bruksform- og intensitet</li> <li>• Framande artar som representerer høg risiko for skade på stadeige biologisk mangfold skal vere fråverande</li> </ul>	
Gjennom synfaringar og fugleteljingar vil Fylkesmannen følgje med på utviklinga i hekkebestandar. På Begla kan det vere naudsynt å svi lyng med jamne mellomrom, og å fjerne dei sitkagranene som står på øya før dei spreier seg.	
<b>Emneord</b>	<b>Ansvarleg</b>
1. Naturvern 2. Sjøfugl 3. Forvaltningsplan 4. Biologisk mangfold	Fylkesmannen i Sogn og Fjordane

## **Innhald**

Innhald .....	4
Føreord .....	5
Kart over Utvær naturreservat .....	1
1. Innleiing.....	2
1.1. Kva er ein forvalningsplan? .....	3
1.2. Mål for forvaltninga av Utvær naturreservat.....	4
2. Områdeskildring .....	5
2.1. Geologi.....	5
2.2. Biologiske verdiar .....	6
Øyar i Utvær med særskilde biologiske verdiar .....	9
3. Bevaringsmål .....	12
3.1. Bevaringsmål sjøfugl .....	12
3.2. Bevaringsmål for beitemark .....	15
4. Brukarinteresser .....	16
4.1. Menneskeleg aktivitet på Utvær .....	16
4.2. Landbruk .....	17
4.3. Taretråling .....	19
4.4. Ferdsel .....	20
5. Forvaltning .....	20
5.1. Generell dispensasjonsheimel etter § 48.....	21
5.2. Skilting og informasjon .....	22
5.3. Ilandstiging i hekketida - rapportering .....	23
5.4. Statens naturoppsyn - kontaktinformasjon.....	23
6. Oppsummering av tiltak/oppfølging og tiltak .....	24
7. Referansar .....	25
Vedlegg 1: FOR 1993-05-28 nr 503: Forskrift om vern av Utvær naturreservat, Solund kommune, Sogn og Fjordane .....	I
Naturmangfaldlova § 48 .....	III
Vedlegg 2: Sakshandsaming av forvaltningsplan for Utvær naturreservat .....	IV

## Føreord

Utvær naturreservat er eit av 57 sjøfuglreservat i Sogn og Fjordane som blei verna ved kongeleg resolusjon 28.05.1993. Dette er den første forvaltningsplanen for området.

Den største utfordringa for sjøfuglane for tida er å finne nok næring i sjøen til å gjennomføre hekking. Låg ungeproduksjon på grunn av næringsmangel har dei siste åra vore eit problem rundt heile Nordsjøen. Sjøfuglreservata har blitt verna for å sikre gode hekkeområde. Med dei problema sjøfuglane er inne i på grunn av manglande næringstilgang, er det viktig at hekkeplassane er best mogleg eigna for dei fuglane som faktisk går til hekking.

Forvaltningsplanen skal mellom anna gi grunnlag for å vurdere i kva grad verneområdet oppfyller føremålet med vernet, eller om ein treng å setje i verk forbetrande tiltak.

Forvaltningsplanen var på høyring frå 09.11.2011 til 23.03.2012. Høyringsutkastet blei sendt til grunneigarar, aktuelle offentlege etatar og fleire lokale og regionale lag og organisasjoner. Innspela til høyringsutkastet er behandla i vedlegg 2, bak i forvaltningsplanen.


Forvaltningsplanen blir lagt ut på Fylkesmannen sine heimesider og er å finne på Miljøstatus for Sogn og Fjordane (<http://sognogfjordane.miljostatus.no>), under "Rapportar", som er ei lenke under "Kart og geodata" på hovudmenyen. Planane ligg også under tema sjøfuglreservat i Miljøstatus.

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane er forvaltningsstyresmakt for alle sjøfuglreservata i Sogn og Fjordane. Forvaltningsplanen er utarbeidd av rådgjevar Astrid Bakke Haavik, i samråd med fagpersonar hos Fylkesmannen. Tore Gundersen i Statens Naturoppsyn har bidrege med hjelp under synfaringane, både i form av transport og erfaringar frå skjøtselsarbeid. Elles har det kome nyttige innspel frå fleire grunneigarar, og frå Venke Kolbotn, landbruksjef i Solund kommune.

Leikanger, april 2012

Nils Erling Yndesdal (sign.)

fylkesmiljøvernsjef



## 1. Innleiing

Utvær naturreservat blei oppretta ved kongeleg resolusjon den 28. mai 1993. Verneområdet ligg lengst vest i Solund kommune i Sogn og Fjordane fylke og består av holmar og skjer rundt hovudøya Utvær med fyr og busetnad (denne øya er ikkje verna) og kringliggende sjøareal. Reservatet utgjer eit areal på 11590 dekar, der om lag 640 dekar er landareal og resten er sjøareal. Området er eit av 57 sjøfuglreservat i Sogn og Fjordane.

Vern av areal med særlege naturverdiar er i Noreg regulert av naturmangfaldlova, som 1.7.2009 avløyste den gamle naturvernlova. Føremålet med vern er å sikre at kvalitetane i naturen blir tekne vare på for framtida. Vern som naturreservat (§ 37) er den strengaste verneforma og blir m.a. brukt for område som inneheld trua, sjeldan eller sårbar natur, er viktig for biologisk mangfald, utgjer ein spesiell geologisk førekommst eller har særskilt naturvitenskapleg verdi.

Føremålet med fredinga av Utvær naturreservat er å “...gje sjøfuglane gode og trygge livsvilkår, og å ta vare på ein viktig hekkelokalisitet for sjøfugl med naturleg tilhøyrande vegetasjon og dyreliv.” (verneforskrifta punkt III).



Figur 2: Verneskilt i Utvær naturreservat  
(Foto: Astrid Haavik)



Figur 3: Informasjonsplakat i hamna på øya Utvær. Her er det samla informasjon om naturreservatet Utvær, nordsjøløypa og sauер på beite

Med sjøfugl meiner vi dei artane som lever av og ved havet størsteparten av året.

Typiske representantar for sjøfuglane:

- Stormfuglar (t.d. havhest og stormsvale)
- Suler
- Ærfugl
- Skarvar
- Dei fleste måsefuglane (måsar, terner og joar)
- Alkefuglane

Det var vern av desse artsgruppene det blei lagt vekt på ved opprettinga av sjøfuglreservata.



Figur 4: Terner  
Foto: Tore Larsen

### 1.1. Kva er ein forvaltningsplan?

Verneforskrifta for Utvær naturreservat, del VII, seier at *"Forvaltningsstyresmakta, eller den som forvaltningsstyresmakta gjev fullmakt, kan gjennomføre skjøtselstiltak i samsvar med føremålet med vernet. Det kan utarbeidast forvaltningsplan, som skal innehalde nærmere retningsliner for gjennomføring av skjøtseltiltaka."*

Heile verneforskrifta er å finne i vedlegg 1.

Ein forvaltningsplan skal vere eit praktisk hjelpemiddel til å oppretthalde og fremje føremålet med vernet. Hovudføremålet med forvaltningsplanen er å gje ei oversikt over tilstand, utfordringar og naudsynte tiltak i Utvær naturreservat. Vidare skal planen klargjere nærmare kva spelerom grunneigarar og andre brukarar har i det verna området. Forvaltningsplanen byggjer på verneforskrifta og den kunnskapen som finst om verneområdet.

I verneforskrifta står det lista opp kva som er forbode innanfor vernegrensene, kva som utan vidare er tillate og kva som krev løyve frå forvaltningsstyremakta. Forvaltningsplanen skal også vise forvaltningsstyresmakta si tolking av verneforskrifta, både når det gjeld dispensasjonspraksis og ulike praktiske tiltak som forvaltningsstyresmakta vil setje i verk eller støtte, det vil seie tilhøvet mellom bruk og vern.

Forvaltningsplanen skal gje definisjonar for kva tilstand naturkvalitetane er i. Ein viktig del av forvaltningsplanen er bevaringsmåla (sjå definisjonen i boks under) for naturkvalitetane, som gjer det mogleg å drive ei målstyrt forvaltning av naturreservatet.

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane er forvaltningsstyremakt for Utvær naturreservat, og står for planlegging av tiltak og handsaming av saker etter verneforskrifta. Verneforskrifta er juridisk bindande, medan forvaltningsplanen er retningsgivande for Fylkesmannen si praktisering av verneforskrifta, inkludert gjennomføring av tiltak i naturreservatet.

Forvaltningsstyresmakta er ansvarleg for skjøtsel. Statens naturopsyn (SNO) har ansvar for oppsyn i naturreservata, og har i samråd med Fylkesmannen også teke på seg skjøtselsarbeid i verneområda så langt kapasiteten tillèt.

Forvaltingsplanen bør bli revidert når tilhøva i reservatet krev det, med grunnlag i erfaringar og vurderingar av forvaltnings- og skjøtselstiltak i reservatet. Som generell rettesnor er det tilrådd at forvaltingsplanar blir reviderte minst kvart 10. år.

### Naturkvalitet

Naturkvalitetar er til dømes naturtypar, artar, geologi og landskap i eit område. Eit verneområde kan ha ein eller fleire naturkvalitetar som det er viktig å ta vare på. Naturkvalitetane går gjerne fram av det overordna verneformålet. I tillegg kan det vere naudsynt å definere naturkvalitetar ut over verneformålet. Dette er aktuelt i verneområde der verneformåla har blitt formulert for generelt og for vagt til å omfatte alle naturkvalitetane. Elles kan ny kunnskap om t.d. biologisk mangfald ha kome etter at vernet blei etablert og verneføremålet formulert.

### Bevaringsmål

Bevaringsmåla definerer den tilstanden ein ønskjer at ein naturkvalitet i verneområdet skal ha. Bevaringsmåla skal vere målbare. Det vil seie at dei skal presiserast gjennom mål for areal, naudsynte strukturar/prosessar og/eller førekommst av bestemte artar og liknande.

Henta frå: Forvalningshandboka, kap. 5 (DN-handbok 17-2001)

## 1.2. Mål for forvaltninga av Utvær naturreservat

### Målsetjinga ved oppstart av verneplanen for sjøfugl i Sogn og Fjordane

Målsetjinga ved oppstart av verneplanen for sjøfugl i Sogn og Fjordane

- Minst 50 % av totalbestanden av sjøfuglartane i fylket skulle ha høve til å hekke innanfor område verna som naturreservat
- Verneplanen skulle omfatte alle hekkeområde i fylket for sjeldsynte artar, og artar med særskilde miljøkrav  
Døme på slike artar er toppskarv, havhest, krykkje, alke, lomvi, teist og lunde

### Forvalningsstyresmakta sine mål for Utvær naturreservat


- Ivaretta verneføremålet
- Oppretthalde gode hekkehabitat for dei ulike artane av sjøfugl
- Sørgje for at ferdelsforbodet i hekketida blir etterlevd
- Sørgje for at reglane i punkt IV i forskrifta blir følgde, og om naudsynt presisere dei nærrare i forvaltningsplanen
- Ta vare på populasjonar av raudlista og sjeldne beitemarkssoppar og naturtypen naturbeitemark
- Presisere og leggje føringar for forvaltningspraksis når det gjeld punkt V i verneforskrifta (unntaka frå pkt IV)
- Ingen førekommst av framande høg risiko-artar i verneområdet.
- Imøtekomme dei brukarinteressene som ikkje kjem i strid med verneføremålet og dei andre målsettingane over.

## 2. Områdeskildring

Utvær er nemninga på ei øygruppe, eit naturreservat og ei øy som ligg lengst vest i Solund kommune i Sogn og Fjordane, om lag 8 km vest av Sula. Utvær naturreservat femner om mesteparten av dei rundt 50 øyar, holmar og større skjer i området, med tilhøyrande gruntvassområde. Øya Utvær, med fyr og bustader er ikkje teke med i verneområdet. Utvær naturreservat er eit vêrhardt og vindeksponert område, med små og låge øyar og holmar, høgste punkt er på Begla med 34 m.o.h. Den første forma for vern på Utvær kom i 1935 og var ei fuglelivsfreding på Utvær fyrtasjon og tilhøyrande statsgrunn. I 1953 blei det oppretta nok ei fuglelivsfreding som omfatta alt fugleliv, egg og ungar på Begla, Bakholmen, Tussen, Lyngholmen, og Nordre- og Søre- Kvannskjer.

### 2.1. Geologi

Bergrunnen i heile Solund kommune er dominert av sandstein frå devontida (416–359 mill. år tilbake), men har også innslag av bergartar frå ordovicium (488–444 mill. år tilbake). Heilt ytst i havgapet, der Utvær ligg, er farvatnet grunt med masse små båar og skjer. Berggrunnen i Utvær består for det meste av hard og næringsfattig devonsk konglomerat. Det er nokre innslag av meir lettforvitra grønsteinavsetnader, som på Beglekalven, Frostholmen og Sendingane. Øya Utvær og holmane vest for øya er bygd opp av deformerte devonske konglomeratar. Det er sparsamt med lausmassar dei fleste stader og jordsmonnet er grunt. Fleire av holmane og skjera er heilt eller delvis fjell i dagen.



Figur 5: Kart over dei geologiske forholda i Utvær. Teiknforklaring og kart henta frå: Indrevær G. og Steel R.J. 1975. Some Aspects of the Sedimentary and Structural History of the Ordovician and Devonian Rocks of the Westernmost Solund Islands, West Norway. 32 s. + ill. på Utvær



Figur 6: Nærbilete av ein forvitra konglomerat  
(foto: Astrid Haavik)

Figur 7: Den såkalla Brynesteins-eitelen på øya  
Utvær (foto: Astrid Haavik)

## 2.2. Biologiske verdiar

Det er lite vegetasjon på dei fleste av øyane, nesten ingen tre, og eit sparsamt jordsmonn. Nokre stader er jordsmonnet likevel godt på grunn av kalkrik berggrunn og gjødsling frå sjøfugl. Der er vegetasjonen artsrik med innslag av sjeldne og oseaniske planter. Nokre av dei større øyane i Utvær naturreservat har blitt brukte til beiting og slått i lang tid og desse er prega av naturbeitemark. Naturbeitemark er gammal, oftast ugjødsla eng prega av beiting, som ikkje har vore pløgd eller arbeidd med på andre måtar. Fleire artar er sterkt knytte til denne naturtypen og vil forsvinne om ein legg om eller held opp med drifta.

Ei av gruppene som forsvinn ved oppgjødsling og attgroing av naturbeitemark er beitemarkssopp, ei samling artar som trivst i næringsfattig beite- og slåttemark, og som er gode indikatorar for denne naturtypen. Mange av artane i gruppa er raudlista og trua, og vi har difor eit ansvar for å ta vare på desse artane på best mogleg måte.

Det er funne artar av beitemarkssopp fleire stader i Utvær naturreservat, og nokre av desse artane er raudlista. Saman med Indrevær naturreservat synest Utvær å utgjere tyngdepunktet for utbreiinga av enkelte oseaniske artar i Noreg, spesielt slimjordtunge (*Geoglossum diforme*), sumpjordtunge (*Geoglossum uliginosum*), vranglodnetunge (*Trichoglossum walteri*) og gul slimvokssopp (*Hygrocybe vittalina*). Dei raudlista artane av beitemarkssopp i Utvær blei alle registrert på Begla av Miljøfagleg Utredning i 2006; desse var slimjordtunge (EN), vranglodnetunge (VU) og gul slimvokssopp (VU).

Havert og eit lite tal steinkobbe har kvileplassar på enkelte skjer i Utvær naturreservat. Nokre meiner at talet på sel har auka dei siste åra, men teljingar i området gir ikkje støtte til ein slik konklusjon.

### Fugl

Langs kysten av Noreg møter varme havstraumar dei rike førekommstane av næringsstoff frå kaldare vatn ved kontinentalsokkelen, og dette fører til oppblomstring av plankton som er føde for store mengder fiskeyngel. Desse forholda gjer det ideelt for sjøfuglar å fostre opp ungane i ein kort og hektisk sommarsesong.

Sjøfugl har alltid vore ein viktig del av livet ved kysten. Nokre av artane har til og med vore aktivt nytta som husdyr av folk. Ærfuglen er eit godt døme på dette, der folk bygde hus til

reira og beskytta fuglane mot rovdyr og på si side nytta egg og dun frå reira. Det var også vanleg å hauste måseegg og jakte på sjøfugl til mat.


På Utvær blei forskarar tidleg merksam på dei store bestandane av sjøfugl og allereie på 1880-talet var zoologen James Grieg på Utvær for å samle inn sjøfugl til skinnsamlinga til Bergen Museum. Johan F. Willgoths gjennomførde fleire undersøkingar av sjøfugl på Utvær på 1940 og -50 talet og meinte området var «..utvilsomt det mest interessante vi har sønnenfor Stadt, samlet på et sted». Det var seinare gjort ei omfattande kartlegging av sjøfuglområda i Sogn og Fjordane, som eit ledd i verneplanen for sjøfugl (Godø 1982, 1983, 1984), med fleire teljingar etter fredinga (Godø 1994/1995, 2000). Årlege kartleggingar blei starta opp av Fylkesmannen i samarbeid med Statens naturoppsyn i 2004.

Naturreservatet ligg "midt i matfatet" for sjøfugl, med store gruntvassområde og tareskog. Dei mange skjera med lite uroing frå båttrafikk og folk er godt egna som hekkelokalitetar og vinterstid gjev dei store tareskogane næringsgrunnlag for overvintrande skarv, lomar, ærfugl og andre marine dykkender som svartand og havelle. Øyane blir truleg brukt som rastepllass og kvileplass også for andre grupper av fugl under haust- og vårtrekket. Dette har ikkje blitt kartlagt.

Som hekkelokalitet er Utvær viktig for mange sjøfuglartar, dei viktigaste av desse er omtalt under.

**Toppskarv** har fleire av dei viktigaste hekkelokalitetane i Sogn og Fjordane på holmar og skjer i Utvær. Den finn reirplassane sine i steinur og bergsprekkar der den finn skjul for vind, vær og eggrovvarar. Ungane blir hovudsakleg fôra med små torskefisk og er i reiret i rundt 50 dagar. Faktorar som er viktige for val av hekkeområde er skjul for reiret, fråvær av rovpattedyr som mink og nærliek til næringsrike havområde. Kråker som hekker i Utvær ser ut til å vere dei viktigaste predatorane på ungar og egg av topsskarv.

**Grågåsa** reknast til vanleg ikkje som ein sjøfugl, men er sterkt knytt til kysten i hekketida og i fjørfellingsperioden like etterpå. Dei er vanskelege å taksere i hekketida, då flokkar av fjørfellande individ frå andre stader blandar seg med dei lokale hekkefuglane. På Utvær har det vore observert grågås frå byrjinga av 1980-talet og fram til i dag. Utvær synes å være viktigast som mytepllass for grågås, det blei observert 116 individ og berekna 3 hekkande par i reservatet i 2011.



Figur 8: Eit tydelig teikn på at grågåsa har beita i nærleiken Figur 9: Bilete av grågås frå Gressholmen  
(foto: Astrid Haavik) (foto: Jorunn Ospedal Vallestad)

**Ærfuglen** har gått sterkt tilbake som hekkefugl i Sogn og Fjordane. Det er usikkert kva dette skuldast, men faktorar som truleg har spelt inn er episodar med oljesøl, tidlegare store bestandar av mink, og den generelle næringsmangelen i Nordsjøen dei siste åra som gjer at ærfuglungar er utsette for å bli tatt av måsar som normalt ville ete fisk. Utvær har gradvis endra status frå å vere eit bra hekkeområde til å bli eit viktig myteområde, og i juni 2010 blei det talt opp 422 ærfuglar (i hovudsak hannar), men det var truleg berre 5-10 reir i området.

**Tjelden** er ein av våre vanlegaste vadefuglar. Den lever av skjel og sneglar, og har ikkje hatt same bestandsnedgang som fiskeetande sjøfuglar har hatt dei siste tiåra. Arten er monogam og hekkar langs det meste av Norskekysten.

**Svartbak** er den største av måsane våre, og har få naturlege fiendar. I staden er det tilgangen på næring som avgrensar talet på hekkande individ. Hekkebestanden er ut til å vere nokolunde stabil gjennom 1980- og 90-talet. Etter samanbrotet i næringstilgangen i Nordsjøen i 2003/2004 sank hekkebestandane merkbart, sjølv om svartbaken nok er den måsearten som har klart seg best i Utvær dei siste åra. I 2011 var talet på hekkande par noko over halvparten av det det var i 1995.



Figur 10: Tjeld (foto: Honorata Kaja Gajda)

Figur 11: Svartbak (foto: Honorata Kaja Gajda)

**Gråmåsen** var tidlegare den mest talrike hekkefuglen i Utvær, med ein stad mellom 200 og 250 hekkande par i 1995. I 2011 vart det registrert 53 individ, og estimert 25 hekkande par. Gråmåsen er den arten som har gått sterkest tilbake i Sogn og Fjordane dei siste åra.

James Grieg, som besøkte Utvær på slutten av 1880-talet, beskriv **sildemåse** som ein "meget almindelig" art. I nyare tid har bestandane av sildemåse vore låge og dei aller siste åra har hekkinga vore sporadisk i Utvær. Sildemåsen hekkar i tettare koloniar enn dei to andre stormåsane, gjerne i blanding med gråmåse.

**Teist** føretrekk hekkeområde i grunne kystområde med øyer, holmar og skjer og taregrunnar. Nedgangen i teistbestanden i fylket byrja allereie på slutten av 1980-talet, og skuldast truleg rømt mink og taretråling. Arten har ikkje teke seg opp att sjølv om minkproblemet no er langt mindre i Sogn og Fjordane. Sidan teisten fiskar i tareskog er arten

sårbar for taretråling. Utvær har alltid vore eit viktig hekkeområde for teist, men bestanden i dag er berre ein femdel av det den var i dei beste åra tidleg på 80-talet.

Fram til 1980-talet hekka det både lunde, alke, lomvi og krykkje på Utvær. Desse artane var i tilbakegang og hadde stort sett forsvunne som hekkefuglar på Utvær da området blei verna. Utvær ligg heilt i yttergrensa av utbreiingsområdet for hekking til dessa artane, difor er det lite truleg at det blir hekking igjen her før den nasjonale bestandsstatusen er betydeleg forbetra.

## Aktuelle tiltak

**Sjøfuglregistrering:** Det er allereie pågåande sjøfuglregistreringar i dei fleste sjøfuglreservata kvart år. Desse gjer eit godt innblikk i årlege variasjonar og trendar i sjøfuglbestandane våre. Årlege teljingar har i Utvær berre blitt gjennomført i hekketida om sommaren, men det er eit mål å få jamlege teljingar også av overvintrande sjøfuglar.

## Øyar i Utvær med særskilde biologiske verdiar

Under lister vi opp dei ulike øyane med viktige biologiske verdiar.

**Nordholmane** er eksponerte skjer utan vegetasjon. Det er ikkje hekking her, men holmane er viktige kvileplassar for toppskarv, ærfugl og stormåsar både sommar og vinter. Dei største flokkane med ærfugl i Utvær er gjerne å finne her, med til dømes over 350 individ i juni 2010.

**Nordre Kvannskjeret** har dei siste åra vore den nest viktigaste hekkeplassen for toppskarv i Utvær, etter Begla. Holmen er også viktig for svartbak og andre måsar, og har jamt over det største artsutvalet i Utvær under hekkefuglteljingane. På grunn av drag i sjøen er holmen vanskeleg å kome i land på. Det er berre nokre få og små lommer med vegetasjon.

**Søre Kvannskjeret** er den viktigaste hekkeplassen i Utvær for måsar. Svartbak er det gjerne flest av på Nordre Kvannskjeret, mens Søre Kvannskjeret har dei største tala hekkande gråmåse, sildemåse og fiskemåse. Til tider er det også vanskeleg å kome i land på holmen, som har eit relativt skritt vegetasjonsdekke.

Holmane vest og sørvest for Utvær fyr (**Tussen, Skansholmen, Skarøyna, Lyngholmen, Ytre og Indre Steinsholmen** (Tranepsholmen), **Mulen og Bakhølmen**) er alle i stor grad vegetasjonslause, men med enkelte lokale lommer av rikare vegetasjon. Det hekka tidlegare lundefugl og ein god del toppskarv på fleire av desse holmane, men det har i alle fall i dei siste ti åra stort sett vore relativt spreidd hekking av toppskarv, ærfugl og teist.

**Begla** er den største og høgaste øya i Utvær naturreservat. Øya er ei blanding av fuktig, myrprega eng og litt kystlynghei (midt på øya og i eit myrparti i nordenden), med frodige urtedominerte parti i nokre få bratte og lite tilgjengelege område. Den dominerande naturtypen er finnskjeggdominert naturbeitemark. Det hekkar lite fugl oppe på dei vegetasjonsrike flatene (nokre par med svartbak), men i dei bratte berga og blokkmarka ned mot sjøen hekkar langt dei fleste av toppskarvane i Utvær, med jamt over rundt 60 par. Tidlegare var dei bratte bergveggane på Begla hekkeplass for alke, lomvi og krykkje, men desse forsvann mot slutten av 80-talet. Det er også eit ramnepar som hekkar meir eller mindre årvisst i fjellsida i Beglesundet, ramn kan ta egg og ungar frå toppskarv, særleg i tilfelle der skarv blir skremde av reiret på grunn av forstyrringar.

Det blei i 2007 funne 13 artar av beitemarkssopp på Begla, og nokre av desse var raudlista. Det går sau på sommarbeite på øya. Beitenivået var i 2006 litt under optimalt, og det var det truleg i 2011 også. Beitetrykket blir halde lågt, då øya blir brukt som eit reserveareal om det blir for dårleg beite for dyra på dei andre holmane i reservatet. Det er ønskjeleg at beiting held fram som i 2011, og at det ikkje blir gjødsla med kunstgjødsel.

I søre Beglevågen driv det inn store mengder avfall frå sjøen. Det er særleg mykje plast og glasflasker. Slik avfallet ligg i dag kan det vere skadeleg for ville dyr, dyr på beite og folk på tilsyn, i tillegg til ureiningseffekten. Ein bør difor prøve å fjerne mest mogleg av det som sjøen legg frå seg med jamne mellomrom.



*Figur 12: Ilanddrive avfall i Beglevågen  
(foto: Astrid Haavik)*



*Beglesteinen*



*Ramslauk på Begla  
(foto: Tore Larsen)*

Det står fire om lag tre-fem meter høge sitkagraner rett aust for indre Beglevågen (sjå fig: 19). Desse bør i utgangspunktet fjernast, da sitka er ein framand art med stort spreingspotensial. For hekkande sjøfugl kan slike tre ha ein ekstra negativ effekt fordi reir- og ungpredatorar som kråke og ravn gøymer seg i trea, slik at sjøfuglane ikkje kan nå dei. På Begla spelar det likevel liten rolle, ettersom det hekkar lite måsar eller andre fuglar med aggressivt reiforsvar der. Trea kan derfor bli ståande inntil vidare dersom ein ynskjer dei som skjul for sauene i uvêr. Ved teikn til at trea frør seg, bør dei fjernast så raskt som mogleg.

**Beglekalven** er holmen rett aust for Begla. Holmen er bygd opp av kalkhaldig sandstein og er prega av naturbeitemark med frisk fattigeng. Holmen er hekkeplass for eit og anna svartbakpar. Det blei funne nokre få beitemarkssoppar av Miljøfaglig Utredning i 2006. Holmen blir beita i 2011, og det er viktig at beitet til oppretthalde og at det ikkje blir gjødsla med kunstgjødsel.

**Kuøyna** er ein flat graskledt holme rett sør for øya Utvær. Jorddekt areal er u gjødsla naturbeitemark, resten er strandberg med fjørekoll mot sjøen. Det er god kontinuitet i beiting og hevd på holmen. Det er viktig å oppretthalde beiting med same beitepress som no, som vi oppfattar som optimalt og at ein unngår bruk av kunstgjødsel. I 2010 var det talt 3 rugande svartbakkar på Kuøyna og holmane rundt, men stort sett er holmen mest brukt som kvileplass for måsar og grågås.

**Søre Sendingen** ligg 200 meter aust for øya Utvær. Øya er prega av fuglegjødsla urterik vegetasjon. I skjøtselsplanen frå 2002 av Inger Auestad blir det tilrådd å beite øya i kortare

periodar for å auke grasandelen, då graset vil halde betre på jorda enn urtene. Dette er ikkje utan vidare i tråd med verneforskrifta, som verner også om vegetasjonen. Øya ser ut til å vere lite viktig som hekkeplass for sjøfugl. I 2011 var det sau på Sendingen.

## Aktuelle tiltak

**Biologiske kartleggingar:** Miljøfaglig Utredning gjennomførte i 2006 ei vegetasjonskartlegging av dei øyane i Utvær som blir beita, og registrerte førekomsten av beitemarkssopp. Supplerande kartleggingar av flora og fauna bør gjennomførast, så ein får betre kunnskap om resten av naturkvalitetane i naturreservatet, og om noverande skjøtsel er tilstrekkeleg til å ta vare på naturkvalitetane.

**Registrering av framande artar:** Kan gjerast i samband med basiskartlegging. Under ei registrering bør ein vurdere risiko for frøspreiing frå sitkagranene på Begla (om det er sett kongler eller ungtre) og om ein bør fjerne trea før det blir ein risiko for spreiing.

**Marin kartlegging:** Det kan vere interessant å undersøkje dei biologiske forholda under vatn i reservatet, då dei er grunnlaget for fleire av sjøfuglartane sine levekår. Det bør også registrerast marine framande artar. Det er særleg gruntvassområda og dei områda fuglane bruker til matsøk som bør undersøkast.



Figur 13: Flyfoto over Begla og Beglekalven.

Figur 14: Flyfoto over Kuøyna

NB! Flyfoto har ikkje oppgitt målestokk. Henta frå fylkesatlas: <http://www.fylkesatlas.no>

### **3. Bevaringsmål**

Bevaringsmål definerer den tilstanden som ein ønskjer at ein naturkvalitet i verneområdet skal ha. Bevaringsmåla for Utvær naturreservat skal kunne brukast som indikatorar for vellukka forvaltning av verneverdiane i området, eller som indikatorar på aktivitet i eller utanfor verneområdet som verkar negativt på naturkvalitetane.

Øyane og holmane i Utvær naturreservat bør gjennomgå ei basiskartlegging etter systemet Naturtypar i Noreg, som gjer det mogleg å beskrive all norsk natur ved hjelp av eit felles sett med parametrar. Dette vil gi eit godt grunnlag for seinare overvaking av utviklinga i naturreservatet. Det er Direktoratet for naturforvaltning som gjev midlar til tiltak, kartlegging og overvaking i verneområde.

Om det ikkje er nok midlar tilgjengeleg for basiskartlegging, er det truleg viktig at beiting på øyane held fram med tilnærma likt beitetrykk som i dag, og at det blir gjødsla minimalt.

Beitetrykket må tilpassast sjøfuglane sin bruk av dei ulike øyane. På øyar med mange reir må sauetalet generelt ikkje bli for høgt, da det kan føre til trakkskader på reir. I Utvær ser dette ikkje ut til å vere eit stort problem i dag, da det med unntak for Begla ikkje blir beita på dei øyane som har mest hekkande fugl (og Begla er såpass stor at det ikkje ligg an til konflikt). Ei kartlegging av vegetasjon og beitemarkssopp, bør gjerast og samanliknast med resultata frå Miljøfaglig Utredning si kartlegging i 2006.

#### **3.1. Bevaringsmål sjøfugl**

Hovudføremålet med vern av Utvær er å sikre sjøfuglane trygge hekkeområde. Men det er mange faktorar på regional og nasjonal skala som påverkar hekkebestandar og hekkesuksess for sjøfuglane, som til dømes næringstilhøva i havet. Vi kan ikkje gjere stort med desse faktorane innanfor vernegrensene og dei rammene som verneforskrifta set, ettersom dei kan ha opphav langt utanfor verneområdet. Difor fokuserer bevaringsmåla for sjøfugl i Utvær naturreservat på dei faktorane innanfor vernegrensene som kan påverke fuglane sin bruk av området. Døme på dette er lokal næringstilgang, framande artar og forstyrningar, men eit slikt fokus skal sjølvsagt ikkje vere til hinder for å betre tilhøva gjennom å argumentere for tiltak også utanfor verneområdet.

Øyane og holmane i Utvær naturreservat bør gjennomgå ei basiskartlegging etter systemet Naturtypar i Noreg, som gjer det mogleg å beskrive all norsk natur ved hjelp av eit felles sett med parametrar. Dette vil gi eit godt grunnlag for seinare overvaking av utviklinga i reservatet. Det er Direktoratet for naturforvaltning som gjev midlar til tiltak, kartlegging og overvaking i verneområde.

Tabell 1: Bevaringsmål for sjøfugl i Utvær naturreservat

Tilstandsvariabler	Bevaringsmål	Metode	Tilstandsklasse	Aktuelle tiltak
Hekkande sjøfugl	Verdien av Utvær som funksjonelt og viktig leve- og hekkeområde for sjøfugl skal oppretthaldast (for konkrete tal for kvar art, sjå tabell 2)	Årlege sjøfuglteljingar i sjøfuglreservata etter standardisert metodikk	<u>God:</u> Sjøfugl hekker i området, >80 % av bevaringsmålet for kvar enkelt art <u>Middels:</u> Det er mindre hekkande sjøfugl, blir tald 50-80 % av bevaringsmålet for kvar art <u>Dårleg:</u> Lite hekkande sjøfugl, <50 % av bevaringsmålet for kvar art <u>Ukjent:</u> Det er ikke kjent om bevaringsmåla for kvar art er oppnådd eller ikke	Informere folk om verneverdiane og trugsmål ved ferdsel og liknande
Rastande og overvintrande sjøfugl, lommar, lappedukkarar og andefugl	Verdien av Utvær som funksjonelt og viktig leveområde for sjøfugl og overvintringsområde for andefugl skal oppretthaldast	Vinterteljingar av fugl	<u>God:</u> Overvintrande og rastande fugl bruker området <u>Dårleg:</u> Lite overvintrande og rastande fugl ved vinterteljing. <u>Ukjent:</u> Det er ikke kjent om området blir nytta av overvintrande og rastande fugl	Informere folk om verneverdiane og trugsmål ved ferdsel og liknande
Hekkande bergirisk, steinskvett, grågås	Oppretthalde hekkebestandar av desse fugleartane i verneområdet	Registrering av individ i hekketida under dei årlege sjøfuglteljingane	<u>God:</u> Hekkande individ av alle artane er observert <u>Dårleg:</u> Ein eller fleire av artane blir ikke observert ved sjøfuglteljingane.	
Menneskeleg påverknad	Menneskeleg påverknad i reservatet skal ikke ha negativ effekt på fugl som er innanfor verneområdet	Kartlegging av ferdsel og forstyrring frå folk i og utanfor ferdelsforbodsgrensa	<u>God:</u> Eksisterande menneskeleg aktivitet ser ut til å ha lite verknad på tal hekkande, overvintrande og rastande fugl <u>Middels:</u> Menneskeleg aktivitet ser ut til å påverke hekkande, overvintrande og rastande fugl i nokon grad (uroing, indirekte påverknad) <u>Dårleg:</u> Menneskeleg aktivitet har tydeleg stor negativ effekt på hekkande, overvintrande og rastande sjøfugl	Informasjon. Meir tilsyn når det er ferdelsrestriksjonar

Tabell 2: Oversyn over konkrete bevaringsmål for nokre utvalde fugleartar og to artar av sel som er vanlege i naturreservatet.

Artar		1995	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011	Gj.snitt	Bevaringsmål
Toppskarv	R	180	49	83	105	90	85	80	75	93	Minst 100 hekkane par kvart år
Grågås	R	2				1	1	3	3	2	Påvist hekking kvart år
	I*	15	97	27	142	36	7	29	116	59	Minst 100 individ kvart år
Ærfugl	R		3	5	20	15	15	7	4	10	Minst 20 hekkande par kvart år
	I	200	250	150	480	78	115	422	198	237	Minst 200 individ kvart år
Tjeld	R	6	5	15	6	4	5	5	4	6	Minst 10 hekkande par kvart år
Sildemåse	R				10	10			5	8	Minst 10 hekkande par kvart år
Gråmåse	R	225	7	30	30	25	20	25	25	48	Minst 125 hekkande par kvart år
Svartbak	R	50	6	15	20	15	15	35	35	24	Minst 50 hekkande par kvart år
Teist	R				8	10	5	10	3	7	Minst 25 hekkande par kvart år
Steinskvett											Påvist kvart år
Havert						4			3	4	Påvist kvart år
Steinkobbe		6	1	1	1				2		Påvist kvart år

I: individ, R: talde hekkingar/par

\* Tal individ av grågås gjeld individ som samlar seg i området for fjørfelling/myting

### 3.2. Bevaringsmål for beitemark

Naturbeitemarkene og oppretthaldning av desse er ikkje nemnd i verneføremålet til Utvær naturreservat direkte. Dei er så pass viktige for det biologiske mangfaldet og kulturhistoria i verneområdet at vi vel å ta dei med, med eigne bevaringsmål for naturtypen naturbeitemark.

Tabell 3: Bevaringsmål for naturbeitemark i Utvær naturreservat

Tilstandsvariablar	Bevaringsmål	Metode	Tilstandsklasse	Aktuelle tiltak
<b>Areal</b> Tal øyar	Beitet skal oppretthaldast som i dag på Kuøyna, Begla, Beglekalven, Sendingen og Søre Kvannskjer	Telle tal holmar som blir beita	<u>God:</u> Alle nemnte holmar blir beita <u>Middels:</u> Inntil 1/3 redusert areal beita <u>Dårleg:</u> > 1/3 redusert areal beita	Tilskot for å lette beiting Lyngbrenning
<b>Bruksform og -intensitet</b>	Beitemarka skal være i tradisjonell bruk med sau på sommarbeite, der talet skal passast av etter forholda, utan at dette påverkar hekkande sjøfugl i negativ retning	Tal på sau på beite og øyar som blir beita	<u>God:</u> Tradisjonell bruk, om lag 60 dyr på heile Utvær (inkl. Utværøy) i middels god sesong. Ikke bruk av kunstgjødsel <u>Middels:</u> Ekstensivert eller moderat intensivert bruk. <u>Dårleg:</u> Opphør av bruk eller intensivert bruk. Bruk av kunstgjødsel	Endre tilbake til tradisjonell bruk
<b>Lokalt utvalte artar</b>	Førekomst av raudlista beitemarkssoppar skal vere som i 2006	Biologiske kartleggingar kvart femte år	<u>God:</u> Førekomst av raudlista beitemarkssopp lik eller større enn i 2006. <u>Middels:</u> Førekomst av raudlista beitemarkssopp redusert med opp til 25 % <u>Dårleg:</u> Førekomst av raudlista beitemarkssopp redusert med meir enn 25 %	
<b>Framande artar</b> Gjeld heile naturreservatet	Framande artar som representerer høg risiko for stadeige biologisk mangfold skal vere fråverande	Registrering ved synfaring i området for storvakse artar og store bestand (GPS)	<u>God:</u> Aktuelle framande artar skal vere fråverande <u>Middels:</u> Innslag av nokre få individ av framande artar med moderat fare for lokal spreiing <u>Dårleg:</u> Moderat til sterkt innslag av framande artar med stor fare for lokal spreiing <u>Ukjent:</u> Ikke kartlagt framande artar	Kartlegge førekomstar av framande artar Fjerne framande artar

## 4. Brukarinteresser

### 4.1. Menneskeleg aktivitet på Utvær

Utvær fekk tidleg ein busetnad som livnærte seg på fiske. Folk busette seg på Utvær fordi det då var kort veg å ro ut til fiskebankane rundt. På 1800-talet var sildefisket særskilt viktig. I tillegg til fiske livnærte folk seg av eit enkelt jordbruk, losing av båtar gjennom dei urolege farvatna og noko handel. Soga seier at Harald Hardråde og hans menn segla ut frå Solund, då dei i 1066 skulle erobre England, noko som enda med slaget ved Stamford Bridge. Dei skal visst nok ha slipt sverda sine på ein stein på Utvær, der ein framleis kan sjå slipespora. Det var tidlegare eit kapell på Utvær, truleg frå 1100-talet, nemnt allereie i 1320, men det blei flytta inn til Husøy i 1718. På det meste budde det 2-300 menneske på Utvær, og bygda hadde eigen skule. I dag er det berre sommargjester i husa på Utvær.

Fyret på Utvær er eit av dei største fyra langs Vestlandskysten, men blei ikkje bygd før i 1900. Under andre verdskrig blei fyret øydelagt av allierte styrkar, men blei bygt opp igjen i 1948. Lysblinken frå det no automatiserte fyret når 35 kilometer ut i Nordsjøen.



Figur 15: Utvær fyr (foto: Astrid Haavik)



Figur 16: Oversikt over hamna på øya Utvær (foto: Astrid Haavik)



Figur 17: Minnestein over kyrkjegården og det gamle kapellet som sto på øya Utvær (foto: Astrid Haavik)

Det er ingen bygg innanfor vernegrensa i Utvær naturreservat, og det har truleg ikkje vore det tidlegare heller. Dei einaste kulturspora på øyane må vere fortøyingsboltar som har blitt sett fast i berget her og der for å fortøye båtar og nøter. Men øyane i naturreservatet har blitt mykje brukte av lokalbefolkninga. Folk hausta gras, egg, tang og tare og skjelsand. Der dei ikkje slo graset gjekk dyra på beite. Begla var til dømes tidlegare sommararbeite for dei kyrne dei hadde på Utvær. Var det fint vær, la damene båten i Mjelkevika på vestsida av øya når dei skulle mjølke.

## 4.2. Landbruk

Økosistema på Utvær ber preg av å ha blitt utnytta av menneske i lang tid. Jordsmonnet her ute er grunt og fattig, så folk har lagt mykje arbeid i å vinne jord og utvide jordbruksareala ved å fylle på med organisk materiale som tang og fiskeslo. Beiting har føregått på fleire av holmane i veldig lang tid, både med sau og storfe. I folketeljinga frå 1835 talde dei også husværet sitt “kreaturhold”, og på Utvær blei det notert 9 storfe og 8 sau. På 1900-talet blei det vanlegare med sauehold, og kyrne forsvann. Historisk sett var her nok gode beiteforhold for nøyssame dyr, truleg mykje på grunn av gjødslingseffekten frå hekkande sjøfugl (K. L. Kalgraff pers. medd.). Det har til og med blitt sagt at dei største lamma som blei sendte til slakting i fylket tidlegare, dei kom frå Lærdal og Utvær! Dyra blei også føra med fiskeavfall, tang og tare for å supplere kosten. Då kunstgjødsel gjorde sitt inntog, blei nok nokre av holmane gjødsla opp, men det blir ikkje gjort meir. Det gjekk dyr på beite fram til 1980, etter det var det eit langt opphald til byrjinga av 2000-talet. Øyane Begla, Beglekalven, Kuøyna, Søre Sendingen, Søre Kvannskjeret, Kuholmane og til nauds også Ytre Frostholmen blei brukt til slått og beite før.

Verneforskrifta punkt V seier at forbodsreglane for Utvær naturreservat ikkje er «*...til hinder for: 3. Tradisjonelt sauebeite, og naudsynt ferdsel i samband med tilsyn av beitedyr, gjødsling av beite og vedlikehald av eksisterande gjerde m.v.*

I 2011 beitar det sau på Begla, Beglekalven, Kuøyna, Søre Sendingen og Søre Kvannskjer innanfor verneområdet. I tillegg går det sau på øya Utvær. Holmane blir nytta til sommarbeite. Sauene går ute frå mai heilt til månadsskiftet oktober/november når værforholda ligg til rette for det. Det er om lag 60 dyr til saman (lam og sau) på beite i Utvær-området kvar beitesesong. Talet på beitedyr må passast av etter beiteforholda, som kan variere relativt mykje frå år til år. Beitinga blir driven i tråd med Miljøfaglig Utredning sin skjøtselplan for beitemark i Utvær, som kom i 2007, og det blir ikkje lenger gjødsla med kunstgjødsel på holmane. På Begla er det parti med lynghei som krev brenning (med 20-25 års mellomrom) for å fornye lyngen. I skjøtselsplan for Utvær av Inger Auestad frå 2002, tilrår dei at brenning bør skje tidleg vår med frost eller fukt i bakken og tørre plantar. Det er viktig at det ikkje brenn for mykje ned i torva så frømateriale blir øydelagt og spiringsevna til lyngplantene nedsett.



Figur 18: Sauar på beite i Utvær (foto: Astrid Haavik)

Forvalningsstyresmakta er positiv til at beitebruken i området held fram om lag som i dag, då beite bidreg til å ta vare på viktige naturverdiar og landskapsverdiar i området. I Utvær er det naturbeitemark med lang hevd og lite negativ påverknad på dei fleste øyane med vegetasjon. Naturbeitemark er ein naturtype som er i kraftig tilbakegang. Med intensivering i landbruksdrifta har areal med naturbeitemark for det meste blitt dyrka opp, eller dei har grodd igjen. Begge deler fører til auka nitrogeninnhald i jorda og endra artssamsetnad. Verneforskrifta opnar for at areala kan bli gjødsla. Forvalningsstyresmakta rår likevel til at det ikkje blir brukt kunstgjødsel i naturreservatet, i tråd med skjøtselsplanen frå 2007.

Den viktigaste grunnen til at området skal bli beita, er å halde vegetasjonen nede slik at hekketilhøva er best moglege for sjøfuglane, men beiting bidreg også til å oppretthalde det spesielle artutvalet av plantar og sopp i naturbeitemarkene. Slik ein driv i dag, der beite blir leid ut og dyra blir frakta ut til Utvær med båt for sommarbeite, er det enklast å halde fram med sauebeite. Dette er også det einaste beitet som er tillate i verneforskrifta. Årsaka til dette er at beitedyr kan verke negativt på hekkesuksessen til sjøfuglar gjennom trakkskader på reir, og det ser ut til at eit nøyne avpassa beitetrykk med sau er den beiteforma som fører til minst skade. Tal beitedyr skal derfor ta utgangspunkt i omsynet til hekkande sjøfugl, og først deretter til naturbeitemark og tilhøyrande artsutval. Det kan likevel vere fornuftig å kartlegge tilstanden til vegetasjonen med jamne mellomrom for å avdekke om det finst negative effektar av beitinga.

Utvær har, som representant for kystkulturlandskapet, status som "Nasjonalt verdifullt kulturlandskap". Dei sentrale områda i dette kulturlandskapet, nemleg fiskeværet og kulturmarka på øya Utvær, er ikkje med i naturreservatet. Det nasjonalt verdifulle kulturlandskapet ligg like fullt omkransa av naturreservatet, og øyane og sjøområda i naturreservatet var viktige for Utvær-samfunnet i gammal tid. Såleis må forvaltinga av naturreservatet ta omsyn til at det ligg eit nasjonalt verdifullt kulturlandskap i sentrum, og likeins må tiltak for å ta vare på og bruke kulturlandskapet ta omsyn til verneføremålet i naturreservatet.



Figur 19: Nokre sitkagrane som har blitt planta på Begla (foto: Astrid Haavik)



Figur 20: Der sauene beiter tett blir graset smått og grønt (foto: Astrid Haavik)

### Aktuelle tiltak

**Beite:** Noverande skjøtsel er truleg optimal for naturverdiane i naturbeitemarka på Utvær. Dersom det blir naudsynt å auke beiteintensiteten i område med naturbeitemark for å oppretthalde naturkvaliteten, kan Fylkesmannen i særleie tilfelle vere med å bidra til å dekke ekstra omkostninga til transport, tilsyn og liknande. Sidan det er viktig for naturbeitemark at det ikkje blir gjødsla, kan ein beiteavtale innehalde krav frå forvaltningsstyresmakta om at det ikkje skal bli gjødsla på areal av denne naturtypen.

**Brenning:** Det kan vere aktuelt å brenne lyng på Begla med jamne mellomrom, for å halde beiteverdien for sommarbeitande sauher høg. Brenning må gjennomførast utanom hekketida, helst på ettervinteren eller tidleg på våren, med fukt/frost i bakken og tørr lyng.

**Rydding av avfall i Beglevågen:** Bør gjerast med jamne mellomrom. Det er vanskeleg å seie kor mykje søppel som kjem inn kvart år, kanskje er det berre naudsynt å rydde kvart 5. år. På grunn av ferdsselsforbodet i fuglane si hekketid må jobben gjerast i perioden frå 1.august til 31.mars.

**Fjerne sitkagrane på Begla:** Det står nokre få sitkagrane på Begla som kan spreie seg i det elles trelause landskapet. Dersom dei begynner å frø seg, må dei fjernast. Trear er ikkje store, 4 -5 meter høge, og kan sagast ned, kvistast og bli liggjande for å rotne vekk. Kvist og greiner kan brennast. Dette kan gjerast i samband med avfallsrydding.

### 4.3. Taretråling

Gruntvassområda i Utvær har store tareførekommstar. Tarehausting har blitt gjennomført i Utvær i lang tid etter at denne aktiviteten tok til i fylket. Dei første åra skjedde trålinga med fire års mellomrom. Frå og med 1993 blei intervallet utvida til fem år. Same år blei Utvær verna som sjøfuglreservat, men for sjøfuglreservata i Solund blei det opna for taretråling i verneforskriftene, og i Utvær blei det derfor hausta stortare fram til 2006. Dette året blei forvaltingsplanen for tare i Sogn og Fjordane vedtatt, og av omsyn til Utvær sin verdi for sjøfuglane blei reservatet stengt for vidare taretråling. I dag er taretråling ulovleg i Utvær naturreservat heile året.

#### 4.4. Ferdsel

Menneskeleg ferdsel kan ha svært stor negativ effekt på hekking og næringssøk hos sjøfugl. Verneforskriftene i dei fleste sjøfuglreservata i Sogn og Fjordane set forbod mot ferdsel på land og i eit belte på 50 meter rundt holmar med hekkande sjøfugl. På Utvær er det veldig mange holmar, og ferdelsforbod-grensa blei derfor sett til ti meter frå land etter påtrykk frå grunneigarane og andre som bruker området.

#### Ferdelsforbod i Utvær naturreservat frå 1. april til og med 31. juli

I perioden med ferdelsforbod er det forbode å gå i land på alle holmar og skjer, og å opphalde seg mindre enn ti meter frå land (sjå verneforskrifta del IV, punkt 4). Forbodet gjeld ikkje for båtferdsel i oppmerkt skipslei, manntalsførde fiskarar som driv yrkesfiske, eller grunneigarar som «*utøver gjeldande fiskerettar*». Kva som er gjeldande fiskerettar går fram av havressurslova, LOV-2008-06-06-37.

Det er også forbode å fly lågare enn 300 meter over naturreservatet, dette forbodet gjeld heile året.

Det er verdt å merke seg at også forbodet mot å fjerne planter eller plantedelar gjeld heile året, og at dyrelivet, medrekna reirplassar og hiområde, er freda mot skade og øydelegging. Forboda gjeld ikkje for øya Utvær, som ikkje er verna.

Det er ønskjeleg med så lite uroing som mogleg i hekkeperioden for sjøfugl. Båtar kan også forstyrre fugl som ligg på vatnet og fugl som er på næringssøk, noko som indirekte kan påverke overlevinga og kondisjonen til fuglen. Køyring med båt i høg fart og bråk frå passasjerar kan uroe fuglane sjølv om båten er utanfor sona med ferdelsrestriksjonar. Motorferdsel i og rundt reservatet bør derfor avgrensast til naudsynt ferdsel. Tilreisande bør trafikkere området med varsemd så lenge ferdelsforbodet gjeld. Det er ikkje kjent korleis ferdsel utanom tida med ferdelsforbod påverkar fuglelivet i naturreservatet. Men ferdsel i denne tida er nok mykje mindre omfattande enn i sommarsesongen. Om det er eit problem med for mykje ferdsel kan informasjonsplakatar på hamna i Utvær vere eit aktuelt tiltak, dersom grunneigarane finn dette fornuftig. Informasjonsplakaten om reservatet er hengt opp ved kaia på øya Utvær, saman med annan informasjon om øygruppa. Det er også sett opp skilt som informerer om ferdelsforbodet på øyane i reservatet, så ein kan sjå dei frå båt. Verneskilta er plassert der dei står i minst fare for å bli teke av grov sjø, noko som er eit stort problem her.

### 5. Forvaltning

I verneforskrifta punkt IV er det lista opp kva tiltak og aktivitetar som er forbode innanfor vernegrensene. Vidare er det gjort unntak for ein del tiltak og aktivitetar som kan gjennomførast utan å søkje om løyve (verneforskrifta pkt. V). Andre tiltak og aktivitetar må det søkjast om. Den spesifiserte dispensasjonsheimelen opnar for å söke om felling av skadegjerande vilt og «*Rydding av vegetasjon m.v. når det ikke stirr mot føremålet med vernet og er i samsvar med godkjent forvaltningsplan*».

## **5.1. Generell dispensasjonsheimel etter § 48**

Då naturmangfaldlova tok til å gjelde frå 2009, blei verneforskriftene for alle verneområda vedteke etter eldre lovverk vidareført, bortsett frå eit punkt. Den generelle dispensasjonsheimelen som finst i verneforskriftene (for Utvær naturreservat punkt VII), har blitt erstatta av § 48 i naturmangfaldlova (sjå vedlegg). Dette betyr at søknad om dispensasjon for tiltak som ikkje fell inn under ein spesifisert dispensasjonsheimel i verneforskrifta skal handsamast etter reglane i § 48 i naturmangfaldlova. Paragrafen er til for dei tilfella der tiltaket tydeleg ikkje har blitt vurdert som ei problemstilling då verneforskrifta blei utforma og for saker av stor (nasjonal) samfunnsverdi.

Naturmangfaldlova § 48 opnar for at det kan gjevast dispensasjon for tiltak som ikkje kjem i strid med føremålet med vernet og som ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig.

Vilkåret om at tiltaket «*ikke kan påvirke verneverdiane nemneverdig*» inneber at dispensasjonstilgangen er snever. Dette gjeld i fyrste rekje bagatellmessige inngrep eller forbigåande uroing som har stor verdi for søker, utover det personlege, men som ikkje fører til nemneverdig ulempe for verneverdiane.

Eit anna vilkår er at tiltaket “*ikke strider mot vernevedtakets formål*”. Her må det vurderast om tiltaket er i strid med dei overordna målsetjingane for naturreservatet.

Dispensasjonsheimelen i § 48 er ein sikkerheitsventil som skal fange opp uføresette tilfelle eller spesielle tilfelle som ikkje blei vurderte på vernetidspunktet. Det må her leggast vekt på at verneføremålet ikkje skal bli svekka på sikt ved ei bit-for-bit-forvaltning, ved at mange mindre inngrep/hendingar kan få store konsekvensar for verneføremålet i sum.

Dispensasjon av omsyn til “*vesentlige samfunnsinteresser*” i naturmangfaldlova § 48 er ei vidareføring av tilsvarande dispensasjonsheimel i verneforskrifta. Dette gjeld tiltak der heilt særskilde forhold ligg føre, og er primært berre aktuelt for tiltak av nasjonal interesse. Døme kan vere ledd i nasjonalt viktig infrastruktur. I praksis er denne heimelen sjeldan brukt.

Dispensasjon når “*sikkerhetshensyn gjør det nødvendig*” er ein ny heimel i naturmangfaldlova. Det blir her sikta til m.a. sikkerheit for liv og helse, smittsame sjukdommar frå dyr og sikkerheit mot omfattande og direkte skade på eigedom.

### **Sakshandsaming ved dispensasjonssøknadar**

Søknadar om dispensasjon frå verneforskrifta skal vere skriftlege og sendast (som brev eller e-post) til forvaltningsstyresmakta (Fylkesmannen i Sogn og Fjordane), som avgjer om det skal gjevast løyve. Ein kan berre få dispensasjon for tiltak som det finst heimel for i verneforskrifta eller i § 48 i naturmangfaldlova. I naturmangfaldlova §§ 8-12 er det fastsett fleire prinsipp som skal vurderast av søkeren ved utarbeiding av søknad og av forvaltningsstyresmakta ved handsaming av saker.

Ved vurderingar av søknader skal bakgrunnen for at verneområdet blei oppretta (verneføremålet) vektleggast tungt. Dersom det er uvisse rundt kva verknadar eit tiltak kan få for naturmiljøet/verneverdiane, vil føre-var-prinsippet bli tillagt stor vekt, særleg dersom det er snakk om moglege irreversible verknader.

Naturmangfaldlova § 48 inneheld særskilte krav til søknadar og grunngjeving av dispensasjonar. Søknadar skal innehalde naudsynt dokumentasjon om verknaden tiltaket vil få for verneverdiane. Dispensasjonsvedtak skal innehalde ei grunngjeving som viser korleis

forvaltningsstyresmakta har vurdert verknadane som dispensasjon kan få for verneverdiane, og kva vekt det er lagt på dette.

Når det vert gitt løyve til tiltak eller aktivitetar i naturreservatet, blir det vanlegvis knytt vilkår til løyvet, mellom anna for å motverke moglege skadeverknadar. Skriftleg løyve skal takast med ved opphold/ferdsel i verneområdet, og kunne visast fram på førespurnad. Ein enkel rapport om tiltaket skal sendast til Fylkesmannen i ettertid, slik at forvaltningsstyresmakta får oversikt over tiltak som er gjennomførde i verneområdet. Ofte blir tiltakshavar bedt om å kontakte lokalt naturopsyn (SNO Florø) for å avtale nærmare når ein set i verk eit tiltak.

Sjølv om ein får dispensasjon etter verneforskrifta, treng ein ofte løyve etter andre lovverk i tillegg (t.d. motorferdsellova). Søkjaren er sjølv ansvarleg for å søkje til alle aktuelle styresmakter.

Fylkesmannen si avgjerd på søknad om dispensasjon kan klagast inn for Direktoratet for naturforvaltning (DN) av partar i saka eller andre som har rettsleg klageinteresse, med ein frist på tre veker. Eventuell klage skal sendast til Fylkesmannen, som også kan gje nærmare opplysningar om klagerett og rett til å sjå saksdokument. Om Fylkesmannen ikkje tek klagen til følgje vert saka sendt vidare til DN for endeleg avgjerd.

## 5.2. Skilting og informasjon

For å unngå ulovleg ferdsel og ilandstiging i naturreservata er det sett opp skilt på stader der det er naturleg å legge til med eller dra opp båt. Det er viktig at desse skilta er på plass, og at dei raskt blir erstatta med nye dersom dei blir borte.

Med ein stadig veksande privat småbåtflåte på kysten og i fjordane, er det viktig å informere sjøfarande om vernet og om ferdselsforbodet i hekketida. Vi ser det også som eit mål å informere om fuglelivet og naturkvalitetane i sjøfuglreservata.

Fylkesmannen utarbeider informasjonsplakatar om naturreservata i fylket, med m.a. kart, foto og vernereglar, til å hengje opp der båtfolk ferdast (t.d. nærmaste større småbåthamn).



Figur 21: Standard verneskilt i sjøfuglreservata.  
(foto: Heidi Sandvik)

Det er tidlegare utarbeidd ein informasjonsfoldar om sjøfuglreservata i Sogn og Fjordane, med kart og informasjon om vernereglar m.m. Denne foldaren kan ein få tilsendt ved å kontakte Statens naturopsyn i Florø. På nettstaden "Miljøstatus i Sogn og Fjordane" ([www.sognogfjordane.miljostatus.no](http://www.sognogfjordane.miljostatus.no)), under "naturområde", finn du også informasjon om alle sjøfuglreservata og andre verneområde i fylket.

### **5.3. Ilandstiging i hekketida - rapportering**


Når det blir gitt dispensasjon som omfattar ilandstiging i eit sjøfuglreservat blir det normalt stilt krav om rapport i ettertid, slik at Fylkesmannen skal få ei best mogleg oversikt over aktiviteten i området. Dette er særleg viktig ved løyve i hekketida, sidan uroing i hekketida kan føre til dårlig hekkeresultat. Informasjon om ilandstiging/ferdsel er såleis viktig for å kunne vurdere og forstå årsakssamanhangar og svingingar i hekkesuksessen for enkeltområde.

For tiltak/aktivitet som er heimla i verneforskrifta del V (dvs. som det ikkje er krav om søknad for), t.d. tilsyn med sau på beite, er det ikkje rapporteringskrav. For å få til ei best mogleg forvaltning av verneverdiane, er det likevel ønskjeleg for Fylkesmannen å få informasjon dersom ilandstiginga skjer i hekketida. Det er nok med ei enkel melding om føremålet med ilandstiginga, dato, klokkeslett, lengda på opphaldet og gjerne værforhold. Det er også ønskjeleg med melding om andre spesielle tilhøve som eventuelt vert lagt merke til, t.d. verneskilt som er borte, sporteikn etter mink, ulovleg ferdsel m.m. Slike opplysningar kan vere til stor hjelp i forvaltningsarbeidet.

Ilandstiging bør så sant det er mogleg skje utanom hekketida. Når det likevel er nødvendig å gå i land i hekketida, og ein har løyve til dette, ser vi det som ønskjeleg at det skjer på dagar og tider på døgnet då været og temperaturen er slik at ein unngår nedkjøling (kald vind/låg temperatur) eller overoppheiting (varmt og solsteik) av egg og fugleungar. Ilandstiging i hekketida bør uansett vere så kortvarig som mogleg.

### **5.4. Statens naturoppsyn - kontaktinformasjon**

Naturoppsynet gjer ein viktig jobb med mellom anna informasjon, oppsyn, registrering, dokumentasjon og skjøtselsarbeid i sjøfuglreservata og andre verneområde. Hovudkontoret til SNO ligg i Trondheim, med adresse Tungasletta 2, 7485 Trondheim, og telefonnummer 73 58 09 25. SNO har ca. 50 lokalkontor spreidd over heile landet. Det er lokalkontoret i Florø, ved Tore Gundersen, som har sjøfuglreservata i Sogn og Fjordane som ansvarsområde. Adressa er SNO Florø, Kinnveien 26, 6900 Florø, e-postadressa er [tore.gundersen@dirnat.no](mailto:tore.gundersen@dirnat.no) og telefonnummeret 57 74 18 92 / 970 05 288.



## 6. Oppsummering av tiltak/oppfølging og tiltak

Tabell 4: Oversikt over tiltak som er planlagd eller ønskjelege i Utvær naturreservat. Tiltaka er nærmere beskrive under dei respektive avsnitta i kapittel 2-4.

Nr	Tiltak	Kvar	Aktør	Når	Kostnad	Prioritet
1	Registrering av sjøfugl	Heile naturreservatet	Fylkesmannen (FM) og Statens naturoppsyn (SNO)	Årleg	Kva budsjett kjem dette under?	1
2	Vinterteljing av fugl	Heile naturreservatet	Fylkesmannen, SNO	Kwart 3. år	0,5 dagsverk	1
2	Biologiske kartleggingar	Øyar med vegetasjon/beita øyar	Ekstern aktør	Kwart 5. år Første gong: 2013	Felt: 1 dagsverk	2
3	Beite	Begla, Beglekalven, Kuøyra, Sendingen, Søre Kvannskjer	Ekstern aktør: Knut Leiv Kalgraff (i 2011)	Årleg	-	1
4	Brenne lyng	Begla	Ekstern aktør/SNO	Ved behov	-	3
5	Rydding av avfall	Beglevågen (søre)	Ekstern aktør/SNO	Kwart 5. år Første gong: 2013	Ukjent omfang	2
6	Fjerne sitkagran	Begla	SNO/Ekstern aktør	2013	Låg	2

Prioritet: 1: Må settast høgt, kjent at tiltaket har stor betydning for verneverdiane, 2: Tiltaket kan ha stor betydning for verneverdiane, 3: Uvisst om tiltaket har stor betydning/tiltaket har ikkje stor betydning for verneverdiane (men kan ha betydning for andre aspekt med vernet).

## **7. Referansar**

Austad I., Hauge L. og Helle T. 1993. Verdifulle kulturlandskap og kulturmarkstyper i Sogn og Fjordane – Prioriterte områder. Sogn og Fjordane distrikthøgskole. 126 s.

Auestad I. 2002. Skjøtselsplan for Utvær, Solund kommune. Høgskulen i Sogn og Fjordane. 28 s.

Det sentrale utvalget for nasjonal registrering av verdifulle kulturlandskap, 1994. Verdifulle kulturlandskap i Norge. Del 4. Sluttrapport fra det sentrale utvalget. ISBN –nr. 82-7072-138-7.

Godø G. 1973. Fugl i Sogn. Avifaunistiske granskningar i delar av Sogn frå perioden 1970-73. Naturvernkonsernten nr 336. 72 s.

Godø G. 1978. Sjøfugl i Sogn og Fjordane. Rapport frå registreringar på kysten av Sogn og Fjordane 1978. Stensiltrykk. 57 s.

Godø G. 1982a. Sjøfuglregistreringar i Sogn og Fjordane sommaren 1982 (stensiltrykk). 96 s.

Godø G. 1982b. Registreringer av grågås i Sogn og Fjordane sommeren 1982. Stensiltrykk. 10 s.

Godø G. 1983. Sjøfuglregistreringar i Sogn og Fjordane sommaren 1983. Fylkesmannen i Sogn og Fjordane 90 s.

Godø G. 1984. Rapport frå sjøfuglregistreringane i Sogn og Fjordane sommaren 1984. Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, 82 s.

Godø G. 1985. Utviklingen av sjøfuglbestandene i Uvær. Fauna 38, 18- 26.

Godø, G. 1991. Verneplan for sjøfugl, delplan 5: Sogn og Fjordane. Miljøverndepartementet og Fylkesmannen i Sogn og Fjordane.

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane 1991, Verneplan for sjøfugl, Delplan 5; Sogn og Fjordane, Fylkesmannen si tilråding etter endelig lokal høyring m. m

Miljøverndepartementet, Fylkesmannen i Sogn og Fjordane 1991, Verneplan for sjøfugl delplan 5: Sogn og Fjordane 1991

Miljøverndepartementet 1993. Kongeleg resolusjon, Verneplan for sjøfugl i Sogn og Fjordane.

Godø G. 1995. Registrering av sjøfugl i Sogn og Fjordane i 1994 og 1995. 28 s. + vedlegg.

Jordal J. B. 1994 Beitemarkssopp - et forsømt tema i norsk mykologi. Blekksoppen 63, 3-11.

Jordal J. B. 2002. Natubeitemarker - hjemstedet til beitemarkssopp. Naturen 3, 134-139.

Enzensberger T. 2010. kulturlandskap på Sakrisøyna, Hyllestad kommune i Sogn og Fjordane - Biologiske verdier og skjøtsel. Rapport VTE 1/2010, 19 s.

Størkersen Ø. R. 1994. Bergirisk, *Carduelis flavirostris*. s. 472 i: Gjershaug J. O., Thingstad P. G., Eldøy S. & Byrkjeland S. (red.): Norsk fugleatlas. Norsk Ornitologisk Foreining, Klæbu.

Indrevær G. og Steel R.J. 1975: Some Aspects of the Sedimentary and Structural History of the Ordovician and Devonian Rocks of the Westernmost Solund Islands, West Norway.

Bryhni I. 2011. Devon og ordovicium. Store norske leksikon. Funnet på: <http://snl.no/devon> og <http://snl.no/ordovicium>, 07.09.2011

Fjordkysten 2011: Utvær. Funne på:

<http://www.fjordkysten.no/no/Produkt/?TLp=269050&Utvær>, 07.09.2011

Direktoratet for naturforvaltning. 2001. Håndbok 17-2001 Revidert 2010. Områdevern og forvaltning.

## **Vedlegg 1: FOR 1993-05-28 nr 503: Forskrift om vern av Utvær naturreservat, Solund kommune, Sogn og Fjordane**

---

DATO:	FOR-1993-05-28-503
KATEGORI:	MV (Miljøvern/vilt)
AVD/DIR:	Avd. for naturvern og kulturminner
PUBLISERT:	II 1993 362
IKRAFTTREDELSE:	1993-05-28
SIST-ENDRET:	FOR-2005-10-07-1186
ENDRER:	
GJELDER FOR:	Utvær naturreservat, Solund kommune, Sogn og Fjordane
HJEMMEL:	LOV-1970-06-19-63-§8, jfr-§10 og-§21, LOV-1970-06-19-63-§22 og-§23 jf LOV-2009-06-19-100-§77
SYS-KODE:	BG08, D02
NÆRINGSKODE:	9129
KORTTITTEL:	Forskrift om naturreservat, Solund

---

### **Forskrift om vern av Utvær naturreservat, Solund kommune, Sogn og Fjordane.**

Fastsett ved kgl.res. av 28. mai 1993. Fremja av Miljøverndepartementet. Endra 13 april 1994 nr. 595, 7 okt 2005 nr. 1186.

#### I

I medhald av lov om naturvern av 19. juni 1970 nr. 63, 8, jfr. 10 og 21, 22 og 23 er øygruppa Utvær og omliggande sjøareal, med unntak av øya Utvær og nærliggande sjøareal i Solund kommune i Sogn og Fjordane fylke verna som naturreservat ved kgl.res. av 28. mai 1993 under namnet Utvær naturreservat.

#### II

Det verna området femner om delar av gnr./bnr.: 1/1, 2, 3, 4, 5, 6, 7, 8, 9, 10, 11.

Reservatet dekkjer eit areal på om lag 11590 da, av dette er om lag 640 da landareal.

Grensene for reservatet er vist på kart i målestokk 1:50.000 med utsnitt av øya Utvær i målestokk 1:5.000, datert Miljøverndepartementet januar 1993. Kartet og verneforskrifta er arkivert i Solund kommune, hos fylkesmannen i Sogn og Fjordane, i Direktoratet for naturforvaltning og i Miljøverndepartementet.

Dei nøyaktige grensene for reservatet skal avmerkast i marka der dei går over land, og knekkpunktta bør koordinatfestast.

#### III

Føremålet med vernet er å gje sjøfuglane gode og trygge livsvilkår, og å ta vare på ein viktig hekkelokalitet for sjøfugl med naturleg tilhøyrande vegetasjon og dyreliv.

## IV

For reservatet gjeld følgjande reglar:

1. All vegetasjon i vatn og på land er verna mot alle former for skade og øydelegging. Nye planteartar må ikkje innførast.
2. Dyre- og fuglelivet, herunder reirplassar og hiområde er verna mot skade og øydelegging. Bruk av skytevåpen er forbode. Hundar skal haldast i band. Utsetjing av vilt er forbode.
3. Det må ikkje setjast i verk tiltak som kan endre dei naturlege tilhøva, som t.d. oppføring av bygningar, brygger, anlegg og faste innretningar, havbruksanlegg, opplag av båtar o.l., framføring av nye luftleidningar, jordkablar og kloakkledningar, bygging av vegar, drenering og anna form for tørrlegging, uttak, oppfylling, planering og lagring av masse over eller under havflata, tømming av avfall, ny utføring av kloakk eller andre konsentrerte ureiningstilførsler og bruk av kjemiske middel. Opplistinga er ikkje fullstendig.
4. I tida frå og med 1. april til og med 31. juli er det i reservatet forbod mot ilandstiging og ferdsel på alt landareal, inkludert øyar, holmar og skjer, og i ei sone ut til omlag 10 meter frå land. Båtcamping og sportsdykking i 10 m sona, camping, teltslåing og oppsettning av kamuflasjeinnretningar for fotografering er forbode.
5. Lågtflyging under 300 m er forbode.

## V

Reglane i punkt IV er ikkje til hinder for:

1. Gjennomføring av militær, operativ verksemد og tiltak i samband med ambulanse-, rednings-, politi-, brannvern-, oppsyn-, skjøtsel- og forvaltningsverksemد.
2. Drift og vedlikehald av Kystverket og Televerket sine anlegg, eksisterande kraftliner og sjøkablar og ferdsel i samband med dette.
3. Tradisjonelt sauebeite, og naudsnyt ferdsel i samband med tilsyn av beitedyr, gjødsling av beite og vedlikehald av eksisterande gjerde m.v.
4. Allmenn ferdsel i oppmerka skipslei og naudsnyt ferdsel med båt i samband med yrkesfiske for manntalsførte fiskarar med fiskeregistrerte båtar, og grunneigarar/heimelshavarar i samband med utøving av gjeldande fiskerettar i tida med ferdelsforbod.
5. Bær-, sopp- og blomsterplukking utanom tida med ferdelsforbod.
6. Fiske, og fjerning av marine, virvellause dyr for hand, etter gjeldande lover og forskrifter når utøvaren ikkje er omfatta av ferdelsforbodet.

0 Endra med forskrifter 13 april 1994 nr. 595, 7 okt 2005 nr. 1186.

## VI

Forvalningsstyresmakta kan gje løyve til:

1. Felling av vilt som valdar vesentleg skade.
2. Rydding av vegetasjon m.v. når det ikkje stirr mot føremålet med vernet og er i samsvar med godkjent forvalningsplan.

## VII

Forvalningsstyresmakta, eller den som forvalningsstyresmakta gjev fullmakt, kan gjennomføre skjøtselstiltak i samsvar med føremålet med vernet. Det kan utarbeidast forvalningsplan, som skal innehalde nærmere retningsliner for gjennomføring av skjøtseltiltaka.

## VIII

**(gjeld ikkje lenger, sjå § 48 i naturmangfaldlova)**

Forvalningsstyresmakta kan gjere unntak frå verneforskrifta når føremålet med vernet tilseier det, for vitskaplege granskningar, arbeid av vesentleg verdi for samfunnet og i andre særskilde høve når det ikkje stirr mot føremålet med vernet.

## IX

Forvaltninga av verneforskrifta er lagt til fylkesmannen i Sogn og Fjordane.

## X

Denne forskriften tek til å gjelde straks. Samstundes oppheves kgl.res. av 24. mai 1935 om fredning av fuglelivet på Utvær fyrstasjon med tilliggende statsgrunn i Solund kommune og kgl.res. av 14. august 1953 om fredning av alt fugleliv, egg og unger på holmene Begla, Bakholmen, Tussen, Lyngholmen, Nordre- og Søre- Kvannskjer i Solund kommune.

---

Databasen sist oppdatert 27. juni 2011

### Naturmangfaldlova § 48 (dispensasjon fra vernevedtak):

«*Forvalningsmyndigheten kan gjøre unntak fra et vernevedtak dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig, eller dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig. I avveiningen mellom øvrige vesentlige samfunnsinteresser og hensynet til verneområdet skal det særlig legges vekt på at verneområdets betydning for det samlede nettverket av verneområder og om et tilsvarende verneområde kan etableres eller utvikles et annet sted. Tiltakshaveren kan pålegges å bære rimelige kostnader ved ivaretakelsen, opprettelsen eller utviklingen av et slikt tilsvarende område.*

*Trenger et tiltak tillatelse både etter verneforskriften og etter annet lovverk, kan tiltakshaver velge å søke om tillatelse parallelt. Vedtak skal i slike tilfeller først fattes etter verneforskriften, dersom ikke annet følger av verneforskriften eller forvalningsmyndighetens samtykke.*

*Søknad om dispensasjon etter første ledd skal inneholde nødvendig dokumentasjon om tiltakets virkning på verneverdiene. I dispensasjon etter første ledd skal begrunnelsen for vedtaket vise hvordan forvalningsmyndigheten har vurdert virkningene som dispensasjonen kan få for verneverdiene, og hvilken vekt det er lagt på dette.»*

## **Vedlegg 2: Sakshandsaming av forvaltningsplan for Utvær naturreservat**

Forvaltningsplanen har vore på høyring i perioden 09.11.2011 til 23.03.2012.

Høyringsdokument blei sendt til grunneigarar, kommune og lag og organisasjonar som kunne ha interesse av forvaltningsplanen. Høyringa blei kunngjort i Bergens Tidende og Ytre Sogn Avis. Det kom tre tilbakemeldingar til høyringsframlegget.

1. Fiskeridirektoratet hadde ikkje nokon merknad til planen.
2. Frå Alf Morten Utvær, som er deleigar av gnr/bnr 1/5. Innspel:

- Færre folk som brukar øyane no enn før. Normalt rundt 4-6 personar på vår, forsommar og haust, hovudsakleg hobbyfiskarar. I sommarsesongen varierer talet på folk til stades frå 5 til 45-50 stk, men er jamt over synkande, med mindre aktivitet også i høgsesongen.
- Steinkobbe/havert: Marginalt til stede på Utvær for 20-30 år sidan. Nå ser ein heile koloniar (ikkje talfesta). Dette fører til kveis i fisken, særleg lyr og torsk. Føreslår konkret bestandsavgrensing for desse selartane i forvaltningsplanen.
- Ramn: Eggtjuv på skarvereir på Begla. Fjerne hekkande ramn som eit avbøtande tiltak.
- Svartbak: Gjer betydelig skade på hekkande tener (observert i Utværvågen), og sikkert andre stader også. Ønskjeleg at ein har eit bevaringsmål på 50 hekkande par av arten i forvaltningsplanen?

### **Fylkesmannen si vurdering**

- Teljingar av sel i området viser at det er ein kvileplass for havert nord i reservatet, men at området generelt har lite sel, særleg steinkobbe. Heile steinkobbebestanden vest for Ytre Sula (Indrevær og Utvær) blei av havforskningsinstituttet i 1998 vurdert til å vere på 10 dyr, og teljingar gjort under dei årlege sjøfuglteljingane i Utvær dei siste åtte åra tyder ikkje på at verken havert eller steinkobbe er i auke. Steinkobbe står dessutan på den norske raudlista (kategori VU, sårbar) på grunn av sterkt bestandsreduksjon. Ettersom verneforskrifta heller ikkje opnar for jakt, vurderer Fylkesmannen det verken som ønskjeleg eller aktuelt med bestandsavgrensing av sel i Utvær naturreservat. Følgjande tekst blir lagt til i kapittel 2.2 på side 6: "Havert og eit lite tal steinkobbe har kvileplassar på enkelte skjer i Utvær naturreservat. Nokre meiner at talet på sel har auka dei siste åra, men teljingar i området gir ikkje støtte til ein slik konklusjon."
- Det blir på det noverande tidspunkt ikkje sett som naudsynt å fjerne hekkande ramn som eit skadedyr, men det kan etter verneforskrifta vurderast for artar som gjer skade. Dei årlege teljingane av hekkande sjøfugl gir grunnlag for å vurdere tiltak frå sesong til sesong. Teksten i kapittel 2.2, s. 9 om ramn i Begla blir endra: «Det er òg eit ramnepar som hekkar meir eller mindre årvisst i fjellsida i Beglesundet.» ved å legge til: «ramn kan ta egg og ungar frå toppskarv, særleg i tilfelle der skarv blir skremde av reiret pga forstyrningar».
- Det er kjent at svartbak tek andre sjøfugl, men dette er ein naturleg prosess, og Utvær er eit viktig hekkeområde også for svartbak. Dersom hekkebestanden av

svartbak skulle auke opp mot forvaltingsmålet, vil dette skje som følgje av betra næringstilgang, og da vil venteleg skaden på andre hekkande fugleartar minke.

### 3. Innspel frå Solund kommune (formannskapet)

- «Dersom det på noko tidspunkt vert aktuelt å gjennomføre tiltak for å avgrense ferdsel med båt ytterlegare, eller å senke maksimal fart for båt nær rastepllassar og hekkepllassar, må dette kun gjennomførast etter ei grundig lokal høyring».
- Elles stiller formannskapet seg positiv til forvaltningsplanen.

### Fylkesmannen sin vurdering

- Etter som vi ikkje har heimel til å avgrense ferdsel med båt ytterlegare enn det som er gjeve i forskrifta, fjernar vi følgjande frå tabell 1, side 13 kollonna aktuelle tiltak: «Avgrense ferdsel med båt» og «Senke maksimal fart for båtar».